

Høstutstillingen pre domestisert

Dei siste åra har kritikarar skrevet om fråværet av, og saknet av, ein manglande overordna tematikk på Høstutstillingen. Blant anna Mona Phale Bjerke i NRK.

Første gongen eg las dette, reagerte eg med ei slags akutt panikk. Eg visste at om eg ikkje blir med før dette forslaget blir satt til livs, kjem eg aldri til å få vera med. For meg handlar kunsten om mitt ytringsbehov. Ingenting er meir demotiverande enn "oppgåver". Mange kunstnarar òg med ting som tek utruleg lang tid, og vil ha problem med å produsere noko ein kunne stå inne for innan tidsfristen.

Kuraterte utstillingar med eit overordna tema er bra når dei er basert på at kuratorane kontaktar kunstnarar som jobbar med relevante tema.

Ein jury som sender ut ei temautlysing, vil gjere ting lettare for dei som likar å lage ting, men ikkje veit heilt kva dei er opptekne av. På slike utstillingar vil ein få vist fram den delen av kunst-Noreg som er pliktoppfyllande produsentar utan eigen stemme. Dei gode samfunnsborgarane som ikkje stiller feil spørsmål, men som kan reflektere litt rundt årets tema. Det blir ei slags snill-pike-konstruksjon av kunstscenen. Kor kunstnarane vert redusert til produsentar som visualiserer den kuraterande juryen sine tankar i ulike estetiske retningar. Har ikkje kunsten mista mykje av sitt verd om den ikkje evnar å stille kritiske ikkje-domestiserte spørsmål?

Brynhild Winther
(debutant på Høstutstillingen 2016)